



## Referat møte i Team Hardanger(TH)

Tysdag 16.03.2021 kl 1000-1100 Digitalt: Google MEET

**Møtte:** Jan Tjosås, Inge Håvard Aarskog, Andreas Skogseth, Øyvind Stueland, Jostein Eitrheim, Trude Rinaldo

### Sakliste

#### **1. Uttale til Planprogram - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling etter høyringsmøte**

Hardangerrådet har mål om å senda ein fellesuttale frå Sogn og Hardanger signert av to rådsordførarar. Team Hardanger får sjå forslag til uttale før den vert vedteken i Hardangerrådet.

#### **2. Felles uttale til Vestland VLFK sendt frå Hardangerrådet der ein ber om at etablerafonda vert oppretthalde.**

Team Hardanger godkjenner forslag til uttale slik den ligg føre.

Den vert lagt fram for Hardangerrådet i rådsmøte 25.03.2021 for behandling der.

#### **3. Runde rundt “bordet”**

##### **Kvam herad:**

Har lyst ut ny ordning, som er motteken svært positivt, og viktig at dei som ikkje har fått noko før, kan få litt. Ingen smitte for øyeblikket!

##### **Ullensvang næringshage:**

Ny ordning er også lyst ut i Ullensvang, og er veldig godt motteken.

Hydrogenprosjektet i Tyssedal (Hardanger Hydrogen Hub) er no i full gang med støtte fra på Grøn plattform. Søknad om å få være med i IPCEI prosjekt med EU er sendt, venter på avklaring.

VLFK skal kartlegge mulig areal for fylling og produksjon av Hydrogen. Kartlegginga skal starta i Kvinnherad og Ullensvang.

Hydrogensymposiumet skal gjennomførast 25. – 26. august i Tyssedal som vanlig.

##### **Ullensvang kommune:**

Arbeid i full gang med strategisk næringsplan i kommunen. Den “ruller” no, med mål om endeleg vedtak før jul. Det er eit omfattande arbeid, men har god struktur. Bransjeorganisasjonane er invitert inn i prosessen, men det er krevende i dei tider me no har.

Har innført to nye kategoriar i planen: areal under sjø og areal for reiseliv.

Runden med å melda inn interesse for ny batterifabrikk, var ein vekkar for kommunane, fordi ein ikkje hadde klare areal til slike store prosjekt.

Kan ein her laga ein felles mal/ plan for tilnærming til slike store prosjekt, som krev både areal og store energimengder? Korleis kan ein arbeida meir samla og med større oversikt? Er det aktuelt med ein felles plattform lokalt i Hardanger?

Kravspekken til dette prosjektet var store. Krevjande at dei legg så store føringar på f.eks lokasjon, men og andre krav og at dei sette kommunane opp imot kvarandre. Samfunnsutvikling må me gjerast ilag!

Me bør drøfta dette.

For 20 år sidan, var desse ukjende utfordringar og kraftoverskotet stort. Idag kjempar utbyggerane om gode lokasjon og tilgang på billig grøen energi.

Kva vert utfordringane om 20 år? Det veit me ikkje. Er det mangel på kraft då? Vil me bruka krafta vår på batteriproduksjon? Dette bør me diskutera. Kva vil me bruka krafta vår på? På tide å setta foten ned no, stoppe opp litt og sjå oss rundt. Me må setja oss i førarsetet.

New Kaupang er eit liknande initiativ i Rogaland, som Invest in Bergen er for Vestland, men med ein litt meir distriktsvenleg tilnærming. Men me spør oss sjølve om me må gå gjennom slike aktørar? Korleis bedrar me status på å presentera kva me har å tilby?

Det er uansett interessant å samla planressursane og diskutera dette temaet, gjerne saman med næring. Det initiativet kan me ta.

### **Visit Hardangerfjord :**

Oppkjøring til ny høgsesong. Har ein omfattande strategi med kjøp av reklame i media og TV. Hardanger skal synast godt før høgsesongen.

Felles prosjekt med Voss på å måla styrken av merkevare Voss og Hardanger.

Analyserer nordlysturismen, for å sjå om Hardanger kan konvertera den suksessen til Hardanger og vinterturisme.

Har fått ekstra midlar frå VLFK, som er brukt til å kjøpa marknadsføring.

2020 vart eit greit år til slutt. Fekk nok støtte både frå Hardangerkommunane og Vestland fylkeskommune.

### **Hardangerrådet:**

Me har fått svar på brev sendt til Skyss/ VLFK tidlegare, om driftsperiode for sommaren 2021. Dei tek hensyn til tilbakemelding frå Hardanger, og pålegg NORLED ein driftsperiode i heile skuleferien.

NTP vert lagt fram på fredag 19., denne veka. Der er me svært spente på kva midlar som kjem til Hardanger og spenninga er knytt opp mot RV13, E134 og rassikring av både riks- og fylkesvegar.

### **Visit Hardangerfjord:**

Trender og langsiktig fokus viser at Hardanger med dei kvalitetane me har, ser svær gode ut.

På lang sikt vil me koma godt ut på verdensbasis med det me kan tilby.

Spørsmål: Kva horisont har di ei Visit Hardangerfjord på strategidokumentarbeidet?: mål om å vera ferdig i løpet av 2022.